



**Utvalg:** Kontrollutvalet i Stord kommune  
**Møtestad:** Formannskapssalen, Stord rådhus  
**Dato:** 10.09.2018  
**Tidspunkt:** 14:00 – 18.00

### Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Peggy Husevik Bærøy	Nestleiar	V
Anna Herborg Førland	Medlem	AP
Tarjei Haga	Medlem	AP

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Odd Ståle Larsen	Medlem	FRP

### Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Nils Gunnar Waage	Odd Ståle Larsen	FRP

### Merknader

KPMG v/ Håkon Lindberg heldt kurs for kontrollutvalet om forvaltningsrevisjon, i første del av møtet.

### Andre som møtte:

Navn	Stilling
Willy Hauge	Partner i KPMG ( Tom. sak PS 39/18)
Håkon Lindberg	Forvaltningsrevisor i KPMG (Tom. sak PS 42/18)
Magnus Sirnes Hjellum	Forvaltningsrevisor i KPMG (Tom. sak PS 42/18)
Magnus Mjør	Rådmann (Sak PS 36/18)
Annlaug Tenold	Personal- og organisasjonssjef (Sak PS 36/18)
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Hordaland fylkeskom., sekret. for kontr.utv

Fredrik Litleskare  
utvalgsleiar

Hogne Haktorson  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 34/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 35/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 36/18	Ny personvernlov frå 2018 - konsekvensar for Stord kommune		2018/19
PS 37/18	Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging - status i arbeidet ved KPMG.		2017/108
PS 38/18	Vurdering av om KPMG er uavhengig i høve Stord kommune		2016/90
PS 39/18	Revisjonsplan 2018 for Stord kommune		2015/178
PS 40/18	Henvending frå Valgjerd Teigen		2018/56
PS 41/18	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune		2015/177
PS 42/18	Bestilling		2015/181
PS 43/18	Budsjett 2019 for kontroll og tilsynsarbeidet i Stord kommune		2015/179
PS 44/18	Referatsaker		
RS 12/18	Årsmelding 2017 for Kontrollutvalet i Stord kommune		2016/85
RS 13/18	Forvaltningsrevisjonsrapport - Prosjektstyring og oppfølging av investeringar		2017/17
RS 14/18	Tilsyn med tenester innan NAV i Stord kommune - svar til Fylkesmannen		2014/298
RS 15/18	Kommunestyret 24.05.18. Revidert eigarskapsmelding 2018 - 2019, saksframlegg og saksprotokoll		2015/180
RS 16/18	Kommunestyret 21.06.18. Årsrekneskap 2017 Stord hamnestell, saksprotokoll		2015/178
RS 17/18	Kommunestyret 21.06.18. Årsmelding og årsrekneskap 2017 Stord kommune, saksprotokoll		2015/178
RS 18/18	Kommunestyret 21.06.18. Budsjettrevisjon 1. tertial 2018, saksprotokoll		2015/179
RS 19/18	Rekneskapsstatus - kontrollutvalet pr. 30.08.18		2015/179
PS 45/18	Eventuelt		

## **PS 34/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.09.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste

#### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

## **PS 35/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.09.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 15.05.18.

#### **Vedtak:**

Protokoll frå møte 15.05.18. vart godkjent.

## **PS 36/18 Ny personvernlov frå 2018 - konsekvensar for Stord kommune**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet takkar for informasjonen, og ønskjer lukke til med det kontinuerlege arbeidet vidare relatert til styring, kontroll og prosedyrar.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.09.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Desse deltok frå administrasjonen:

- Rådmann Magnus Mjør
- Personal- og organisasjonssjef Annlaug Tenold, som også er tryggleiksansvarleg

I drøftinga kom fram at Stord kommune synest vera komne langt i dette arbeidet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for informasjonen, og ønskjer lukke til med det kontinuerlege arbeidet vidare relatert til styring, kontroll og prosedyrar.

## **PS 37/18 Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging - status i arbeidet ved KPMG.**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Revisjonsrapport vert å levera sekretariatet innan .....
3. Rapporten vert å handsama i kontrollutvalet sitt neste møte.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.09.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Forvaltningsrevisor i KPMG, Håkon Lindberg, orienterte om prosjektet og bakgrunn for forseinking i innspurten.

Utvalet ønskjer at rapporten vert klar for oversending til sekretariatet innan 01.10.18.

Forslag til vedtak, inkl. tidspunkt for ferdigstilling, vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Revisjonsrapport vert å levera sekretariatet innan 01.10.18.
3. Rapporten vert å handsama i kontrollutvalet sitt neste møte.

## **PS 38/18 Vurdering av om KPMG er uavhengig i høve Stord kommune**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Willy Hauge, vedr. om KPMG AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.09.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Ansvarleg revisor i KPMG, Willy Hauge, orienterte om eigenvurderinga og om oppdrag for Stord kommune utover bestillingar frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Willy Hauge, vedr. om KPMG AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

## **PS 39/18 Revisjonsplan 2018 for Stord kommune**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2018 frå KPMG til orientering.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.09.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Ansvarleg revisor i KPMG, Willy Hauge, orienterte om revisjonsplan vedlagt saksinnkallinga.

Det framkom eit innspel om refusjon sjukepengar i utvalsmøtet. Det kom og fram opplysning i møtet om at Stord kommune styrer mot ei underdekning av eit visst omfang i 2018, ift. budsjettet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2018 frå KPMG til orientering.

## **PS 40/18 Henvending frå Valgjerd Teigen**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.09.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet drøfta henvendinga, og ønskjer at rådmannen gjev informasjon på neste møte om saksfeltet sett frå kommunen si side. Det kan td. gjelda informasjon om:

- Kven eig kva i bygsla område?
- Om rettar og plikter for bortfestaren (den som krev inn grunnleige/festeavgift) og for festaren (leigaren / den som betalar grunnleige).
- Kva har kommunen gjort i høve dei problemstillingar som er trekt fram i vedlegg til saka.
- Har kommunen overteke infrastruktur som veg og avløp?
- Er oppmåling av skogsveg gjort?
- Påstand om at bygg er ført opp i deler av vegen.

Vedtak i saka var samrøystes

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet ber om at rådmannen informerer kontrollutvalet på neste møte om saksfeltet sett frå kommunen si side, med utgangspunkt i vedlegg til saka og drøfting i dette møtet.

## PS 41/18 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.09.2018

#### Handsaming i møtet:

Desse protokollane vart gjennomgått:

Politisk organ:	Møtedatoar i 2018:
Kommunestyret	24/5   21/6
Formannskapet	6/6   (5/9)
Forvaltningsstyret	7/6   21/6
Komité for oppvekst og utdanning	29/5   19/6
Komité for næring, miljø og kultur	30/5
Komité for rehabilitering, helse og omsorg	31/5

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

## PS 42/18 Bestilling

### Forslag til vedtak

Det er ikkje forslag til vedtak i saka.

### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.09.2018

#### Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet drøfta seg fram til kva det var ønskemål om å bestilla, og hadde desse innspela:

- Tenestetilbod innan rus og psykiatri
- Fokus på aldersgruppe 16 – 30 år.

I drøftinga var både førebygging og rehabilitering nemnt, utan at det vart konkludert.

Vedtak i saka var samrøystes.

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ønsker at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan tenestetilbodet som gjeld rus og psykiatri overfor aldersgruppa 16 – 30 år.
2. KPMG blir beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, leveringstidspunkt og ressursbruk
3. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet innan 01.10.2018
4. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenna prosjektplanen
5. Utvalsmedlemmane får høve til å gje innspel til utkast til prosjektplan, før godkjenninga, men med relativt kort tidsfrist
6. Prosjektplanen vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering i møte 29.11.2018.

**PS 43/18 Budsjett 2019 for kontroll og tilsynsarbeidet i Stord kommune****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2018.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.09.2018****Handsaming i møtet:**

Budsjettforslaget vart drøfta.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2018.

**PS 44/18 Referatsaker****Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.09.2018****Handsaming i møtet:**

Det kom ikkje fram særskilte merknader til referatsakene i møtet, og dei vart tekne til orientering.

Vedtak i saka var samrøystes.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tar referatsakene til orientering.

## **PS 45/18 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.09.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Utvalseiar orienterte om ei henvending som kan bli aktuell for kontrollutvalet seinare, men at saksfeltet det gjeld no er til handsaming i andre organ / embete.

#### **Vedtak:**

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.